

Litt framgang og noko er som før.

09.11.2016



Namneskiltet Nausthaugen og skiltet for busstopp er på plass.

Frå tid til anna skriv uskealen.no om avskilta bilar, rot, skrot og manglande kommunalt vedlikehald. Dette gjeld særleg i sentrum og på industriområde Børneset. La det seiast med ein gong: Vi har registrert framgang ved at avskilta bilar er fjerna og nokre namneskilt er montert. Det er gledeleg. Enno er det mykje å ta tak i. Private eigalarar og kommunen vert oppmoda om sjå over sine område og fjerna skrot.



[Avskilta bil på Børneskaien er fjerna. Ein plastbåt og anna avfall ligg framleis.](#)

Avskilta bil på Børneskaien er borte. Det ligg framleis ein plastbåt og ymse anna avfall på kaien. Gjerde ved busslomma treng vedlikehald. Lenge trudde vi det var kommunen sitt ansvar. No vert det sagt at rett tiltakshavar er MESTA. Overvasslednignen i Stølavikjo er lova skal gravast ned straks ein har lekter på plass.



Gjerde i busslomma er ein gjengangar. Kven har ansvaret ?

Stadnamnskiltet Nausthaugen og skiltet for busstopp er på plass. Det er rydda fint framom det nye seksjonsbygget til Sunnhordland Prosjektutvikling. Namneskiltet Døsslandsido har vore borte eit års tid. Nytt skilt bør vera på plass om kort tid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal